



Diverre blir rapporten om grøn konkurransekraft dermed ein refleksjon av pengerikdommen i Noreg, skriver Klaus Mohn. Her frå lanseringa av rapport om grøn konkurransekraft med statsminister Erna Solberg, Connie Hedegaard, Idar Kreutzer og klima og miljøminister Vidar Helgesen. FOTO: BERIT ROALD, NTB SCANPIX

Rapporten om grøn konkurransekraft etterlet eit lappeteppe av innspel frå eit bredt sett av særinteressar.

# Gode intensjonar som ender opp med eit mageplask

## Debatt



**Klaus Mohn**  
professor,  
Handelshøgskolen  
ved Universitetet  
i Stavanger

Mange av tilrådingane kan vanskeleg knyttast til grøn omstilling, og rapporten legg lita vekt på kostnadseffektivitet og konsistens rundt overordna mål for klimapolitikken.

Dei lange rekkene av råd i rapporten reflekterer snarare at idéane er mange for å verne egne verksemdar mot verknadane av ein strammare energi- og klimapolitikk. Spesielt gjeld dette om ein samstundes kan tappe offentlege budsjett til fordel for eigen vekst og vidareutvikling.

### Vidløftig oppgåve

Å foreslå ein overordna strategi for grøn konkurransekraft var ei vidløftig oppgåve for det smålåtte utvalet som ble oppnemnt av Solberg-regjeringa sommaren 2015. Ikkje berre skulle dei kombinere klare forventningar frå klimakåte politikarar med høge ambisjonar om vekst og vidareutvikling i alle delar av norsk næringsliv. I tillegg måtte arbeidet bli til i ei verd i rask endring, med gradvis konsolidering av overordna klimapolitiske avtaler og mål, store skift i olje- og gassmarknadane og ei rivande utvikling i teknologi og kostnadar knytt til energi-effektivisering og nye fornybare energiløysingar.

At resultatet skulle stake ut ein klar og konkret kurs for politikken på området, var mykje å forvente. Og det har me heller ikkje fått. På overflata er resultatet konsensusprega og lite kontroversielt. I sluttrapporten er den overordna strategien representert gjennom lange lister av generelt formulerte utsegn som igjen reflekterer innspel frå ei rik rekke av interessegrupper i norsk næringsliv.

Ei positiv vinkling kunne være rapporten representerer ein koalisjon av interesser i beste tradisjon for Noreg, sjølv om interessene i denne samanhengen er avgrensa til næringslivet. Men akkurat dette kan like gjerne bli rapporten sin akilles-hæl. Mykje av det som står att av strategiske grep er nemleg såpass utdeleg og lite konkret at dei overordna formuleringane blir nærmast umuleg å være ueinig i.

Risikoen er dermed at rapporten etterlet eit sett av signal til utforminga av politikken som både er skeivt og uklart. Her kan politikarane shoppa synspunkt etter dagsform. Det rapporten manglar av tiltak som svir, tek han igjen i teknologioptimisme og gode formål. Nok ein gong blir me difor lulla inn ei førestilling om at me kan få både i pose og sekk, at klimapolitikken ikkje kostar og at om han kostar, så er det andre som skal ta rekinga. Klimautfordringa krevjer meir enn som så.

### Fått det de er ute etter

Samstundes er rapporten frå Connie Hedegaard og Idar Kreutzer så brei og omfangsrik at han har noko å by på for nær

sagt alle. I tida som kjem vil me utvilsamt oppleve at mange vil gripe til passende delar av rapporten for å underbygge tiltak som i sum slett ikkje treng å gi den utviklinga me er ute etter, og slett ikkje til den kostnaden me kunne ønske oss. Det var kanskje og meininga med mandatet, og i så fall har politikarane fått akkurat det dei var ute etter.

I staden for å framstå som talerøyr for tunge næringsinteresser burde rapporten om rapporten om grøn konkurransekraft vist kritisk distanse til settet av tilrådingar frå interessegruppene som har deltatt, og teke eit perspektiv basert på samfunnsøkonomisk lønsemd og kostnadseffektivitet.

Eksempla spanner frå nyskaping og entreprenørskap på eine sida til fangst og lagring av CO<sub>2</sub>-utslepp på andre sida – der Hedegaard og Kreutzer langt på veg gjer seg til talerøyr for grupper med sterke økonomiske interesser i ei bestemt innretting av klimapolitikken.

Desse eksempla er diverre ikkje eineståande.

Tilsvarande refleksjonar kunne til dømes vore reist mot initiativa til ei rekke nasjonale råd og senter, samt rådet om etablering av CO<sub>2</sub>-fond for transport og industri.

Diverre blir rapporten om grøn konkurransekraft dermed ein refleksjon av pengerikdommen i Noreg, med sterke interessegrupper som står i kø for å bruke andre sine pengar til å løyse sine egne utfordringar.

Både norske skattebetalarar og klimautfordringa har fortent betre.

## Kort sagt

### Disruptiv kronikk

Aftenposten har 31. oktober en kronikk av nylig fratradte strategidirektør Frode Eilertsen. Han har vært i USA og bruker mange ord som foreløpig er lite kjent i Norge. I første setning omtaler han «disruptjonen» som hver dag rammer nye hjørner av samfunnet vårt, «det rammer hardt på tvers av sektorer og omveltningene og vil få store konsekvenser for samfunnet vårt». Vi må satse på «disruptiv teknologi-innovasjon». Eilertsen spør: «forstår norske politikere hva som skjer?» Det er ikke lett å forstå dette, og derfor har redaksjonen (eller kanskje Eilertsen selv?) gitt oss en ordforklaring: Disruptjon: Å erstatte det eksisterende med noe helt annet.

Den betydningen har ennå ikke funnet veien inn i norske fremmedordbøker. Men på fransk og engelsk er ordet t negativt ladet og kan bety sammenbrudd, voldsomt brudd, avbrudd og ødeleggelse. Det kommer fra latin rumpere – å brette, bryte, briste. Rupture kan derfor bety både brokk, ekteskapsbrudd og avtalebrudd. Men amerikansk forretningspråk ser ut til å ha utvidet betydningen, slik at disruption også kan bety radikal strategisk forandring for å møte nye markeder. Aftenpostens ordforklaring hjelper ikke politikerne.

Illustrasjonen er lite opplysende. Den viser en ung dame som bærer en plakat med teksten «I pay 20 % tax U pay 2 %». Har bildet noen sammenheng med kronikkens innhold? Billedteksten gjentar bare første setning. Det er disruptivt.

**Lars Roede**  
Asker

### Barns rettssikkerhet er ikke god nok

I Aftenposten 21. oktober hevder statssekretær Marit B. Røsland (H) at norske barns rettssikkerhet er så godt ivarettatt at de ikke trenger klagerett til FNs barnekomité. Barnevernssaker, sier hun, behandles i fem instanser: barnevernet, barnevernsnemnda, en tingrett, en lagmannsrett og Norges Høyesterett. Dette er sprøy: Barnevernet er foreldrenes motpart. «Barnevernsnemnda» eksisterer ikke. Derimot behandles omsorgsovertagelser av Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker. Nemndas vedtak kan prøves av tingrettene. Og her slutter det. Tvisteloven sperrer effektivt for anke i barnevernssaker.

Vedtaket om å bryte båndet mellom barn og foreldre er begrenset til én domstolsbehandling. Dette gir dårligere rettssikkerhet enn for bruktbilsalg, som kan behandles i tre instanser. Michael Tetzschner (H), hevder at vi ikke kan slippe til FNs barnekomité fordi den ikke anvender samme metode som oss. Barnekomiteen består av verdens fremste barnerettss eksperter, som burde være det metodiske forbilde. Det er vanskelig å forstå hvorfor Regjeringen mener at en slik ekspertkomité vil levere dårligere håndverk enn en midtels norsk tingrett.

**Fridtjof Piene Gundersen**  
advokat, styreleder,  
Stiftelsen Barns rettigheter